



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2025/2130-2

Saksbehandlar: Lars Kurt Haugen

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
		Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling Formannskap

Revidering av forskrift VA gebyr. Høyring.

Vedlegg

- 1 Skjåk - Følgebrev VA-forskrift (2026_05_13)
- 2 Skjåk - VA-forskrift (2026_05_05)

Saksutgreiing

Skjåk kommune har utarbeidd framlegg til ny forskrift om vass- og avløpsgebyr. Forskrifta fastset reglar for utrekning og innkrevjing av gebyr for kommunen sine vass- og avløpsstenester, og er heimla i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og forureiningsforskrifta.

Bakgrunnen for revisjonen er behovet for å oppdatere gjeldande forskrift slik at den er betre tilpassa dagens praksis, samt endringar i nasjonalt regelverk.

Gebyr for vass- og avløpsstenester skal etter regelverket baserast på sjølvkostprinsippet. Det inneber at kommunen ikkje kan tene på tenestene, og at kostnadene vert fordelt på abonnentane gjennom gebyra.

Den nye forskrifta vidarefører hovudprinsippa i dagens ordning, men inneheld enkelte justeringar og presiseringar. Viktige element i framlegget er mellom anna:

- vidareføring av tilknytingsgebyr som fast sats per eigedom
- vidareføring av todelt årsgebyr med fast og variabel del
- endra modell for fastledd for næringsseigdomar, der desse vert kategorisert etter vassforsyningskapasitet
- krav om installasjon av vassmålar ved nye tilknytingar

Endringane er avgrensa, og vil i liten grad påverke gebyrnivået for innbyggjarane, men skal bidra til ei meir rettferdig og føreseieleleg gebyrordning.

Miljømessige konsekvensar

Forskrifta i seg sjølv medfører ikkje direkte miljømessige konsekvensar. Indirekte kan ei meir korrekt kostnadsfordeling og betre insentivstruktur bidra til betre ressursutnytting og redusert vassforbruk.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at framlegget til ny forskrift er godt tilpassa gjeldande regelverk og lokale forhold. Forskrifta framstår som tydelegare og meir føreseieleg enn dagens forskrift, og legg til rette for ei rettferdig fordeling av kostnader mellom abonnentane.

Det er viktig at berørte partar får høve til å uttale seg før forskrifta vert vedteken. Ei høyring vil kunne avdekke behov for justeringar og bidra til betre forankring av regelverket.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Skjåk kommune legg forskrift om vass- og avløpsgebyr ut på offentleg høyring.
2. Høyringsfrist vert sett til 6 veker og rekna frå den dagen høyringa vert lagt ut.
3. Saka kjem for endeleg behandling i kommunestyre etter høyringsperioden.